

# ÅRSMELDING

2019



# Innhald

1	1.	Innleiing .....	3
2	2.	Folkedans.....	3
3	a)	Vaksne .....	3
4	b)	Ungdom .....	5
5	c)	Born.....	6
6	3.	Teater .....	7
7	4.	Folkemusikk .....	7
8	a)	Gimlingane .....	7
9	b)	Audhilds .....	7
10	c)	Juniorspelemannslaget .....	8
11	d)	Dragegjengen .....	10
12	5.	Song.....	11
13	a)	Kor e' tonen .....	
14	b)	Kvedargruppa .....	12
15	c)	Småkvedarane .....	12
16	6.	Melding frå Selsvikklubben .....	12
17	7.	Lagsstyret .....	13
18	8.	Melding frå Rådet.....	13
19	9.	Dugnad.....	14
20	10.	Samarbeid med andre .....	14
21	11.	Eigedom.....	15
22	a)	Lagshusa.....	15
23	b)	Hytta.....	15
24	12.	Fonds- og eigedomsstyret .....	15
25	14.	Medlemstal, økonomi og ressursar .....	16
26	15.	Kontor og tilsette.....	16
27	16.	Heiderslagsfolk.....	16
28	17.	Gåver, helsingar og minne .....	17
29	18.	Oversikt over tillitsvalde .....	17
30	19.	Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar .....	19
31	20.	Utsendingar, representasjon og samarbeid .....	22

## 32 1. Innleiing

33 Året 2019 er omme, og vi kan sjå tilbake på eit spanande år med mykje utvikling og  
34 moro. For å skildre året 2019 vert nok likevel samhald det viktigaste stikkordet. I  
35 starten av året bidrog det store fleirtalet av barn og unge i laget til fantastiske  
36 framsyningar av det sjølvskrivne teaterstykket «Bjørnen, Reven og agurkskurken Potet».  
37 Fleire hundre publikummarar fekk sjå dans, spel og song frå scena i Fensal. Framføringa  
38 inspirerte hovudstyret til å starte satsinga på ei liknande framsyning med dei vaksne i  
39 laget. Ei plangruppe er i gang med arbeidet, og vi håpar å kunne invitere til ny  
40 framsyning hausten 2020.

41 I 2019 har vi gjennomført faste programpostar, og nokre nye. På verdscaféen i  
42 Nygårdsparken i vår, viste samhaldet i laget seg på nytt ved at medlemmar frå dei ulike  
43 aktivitetane stilte opp med mat, underhaldning og god dognadsånd.

44 3. etasje i Gimle har i løpet av 2020 vorte pussa opp. Mellom anna har bakrommet og  
45 kontoret vorte omgjort til eit stort rom som vert brukt til både møte og øvingar.  
46 Storsalen har fått nytt tak og bileta har vorte reinsa og prydar no veggane for fullt.

47 Gledeleg er det òg at barnelaget no har fått eit auka medlemstal, samstundes som det  
48 kryr av unge felespelarar i laget. Bergen ul Ervingen gjev tilbod om einskildundervisning  
49 på hardingfele til dei som ikkje får plass i Kulturskulen. På julelagsmøtet i desember  
50 stilte barna opp med dans og spel framfor ein stappfull storsal i Gimle. På same møte  
51 viste òg onsdagsringen fram sin hamborgar, som dei vann lagdansen på Landsfestivalen  
52 i Kinsarvik med. Igjen kom samhaldet til syne, for konkurransen viste ei ekstremt  
53 samkøyrt gruppe, skal vi tru alle kommentarane som kom i etterkant.

54 Styret vil takke alle instruktørar, spelmenn, tillitsvalde, tilsette og dognadsfolk for eit  
55 strålande 2019. De gjer ein fantastisk jobb, og bidreg til det sterke samhaldet og den  
56 store gleda som så mange av medlemmane våre kjener på.

## 57 2. Folkedans

### 58 a) Vaksne

59 Folkedanslaget har i 2019 halde fram aktivitetsnivået frå tidlegare år, med faste øvingar,  
60 dansekeldar og kurs. Folkedanslaget har i 2019 ikkje gjennomført hytteturar.  
61 Oppmøtet på tilskipingar har vore veldig varierande, men all aktivitet har vore  
62 gjennomført med god stemning og gode tilbakemeldingar.

63 Kjekkast av alt i 2019 var det at onsdagsringen drog i land siger i lagdans på  
64 Landsfestivalen i Kinsarvik.

### 65 Faste øvingar

66 Måndagsringen har halde fram som tidlegare. Her er oppmøtet stort sett høgt og  
67 stabilt. Måndagsringen har jamleg hatt besøk av Litt tå kvart som har spelt til dans.  
68 2019 har vore det store samarbeidsåret for Folkedans for seniorar. Seniorringar i  
69 Bergen og omkringliggende bygder har vore flinke til å besøke kvarandre både på  
70 øvingar, møte og festar. Folkedans for seniorar har òg starta eit samarbeid med Bergen  
71 Kulturforum og gjennomført nokre øvingar saman med dei. Deltakartalet på øvingane er  
72 noko lågt, og vi håpar derfor å kunne halde fram samarbeidet med dei andre  
73 organisasjonane, slik at ein vert fleire samla på øving i 2020.

74 Onsdagsringen har hatt øving kvar onsdag. I vår bestemte ein seg for å melde ringen på  
75 Landsfestivalen i Kinsarvik. Dette førte til eit meir stabilt oppmøte på øvingane, og eit  
76 stor engasjement. Onsdagsringen deltok med 6 par på festivalen og dansa hamborgar.  
77 Det var svært gjævt å ta med førstepllassen heim igjen!

78 Vi vil takke alle instruktørar og spelmenn for god innsats i 2019.

## 79 **Festar**

80 Som vanleg starta vi året med dans- og spelmaraton. Kvelden hadde godt oppmøte og  
81 var elles fylt med god musikk og god stemning.

82 I haust arrangerte folkedanslaget berre éin dansekveld grunna ombygging av storsalen i  
83 Gimle. Dansekvelden var kulturnatta, og dansarane fekk svinge seg til musikk frå Bergen  
84 Juniorspelemannslag, Kvedargruppa, Audhilds og Litt tå kvart.

85 Vi takkar ungdomsringen for at dei held kafé på mange av våre tilskipingar.

## 86 **Kurs**

87 I mars arrangerte vi kurs i springleik. Øyvind Sandum og Renate Tønnesen kom for å  
88 instruere, og Johanne Mjøs og Kristoffer Kleiveland spelte. Kurset hadde stort oppmøte,  
89 og både lokale og tilreisande dansarar deltok.

90 Det vart ikkje arrangert dansekurs på hausten.

## 91 **Andre tilskipingar**

92 Dansarar frå folkedanslaget har delteke på laget sitt program under 17. mai-feiringa.

93 Dansarar frå folkedanslaget har òg i år stilt opp som gode dognadsfolk på 17. mai,  
94 verdskafé i Nygårdsparken, dansekeldar, julelagsmøte og andre tilskipingar.

## 95 **Organisasjon**

96 I 2019 har Marit Kvamen vore leiar i folkedanslaget. Lina Hamre, Helge Svartveit og Stig  
97 Indrebø har vore medlemmar av styret. Styret har hatt møte omtrent kvar tredje veke,  
98 og har brukt mykje tid på planlegging av dei ulike aktivitetane.

99 Folkedanslaget har hatt godt samarbeid med Bygdedanslaget i Bjørgvin, Bygda Dansar,  
100 og i tillegg andre særlag i Bergen ungdomslag Ervingen. Vi ser fram til eit nytt år, der vi  
101 håpar på nye gode samarbeid, godt oppmøte og like god stemning som alltid!

102 Takk til Gro som hjelper til med organisering og søknadar.

## 103 b) Ungdom

104 Gjennom året har ungdomsringen hatt øvingar kvar veke, og vore på sommarleir og  
105 hyttetur. Me har hatt filmkveld om våren og sommaravslutning på Fløien. Me har vore  
106 med på framsyninga «Bjørnen, Reven og agurkskurken Potet» og dansa på  
107 Torgallmenningen 17. mai. Saman med juniorspelemannslaget kunne du sjå oss på  
108 NRK-programmet «Norge Nå» tysdag 19.mars.

109 Ungdomsringen har hatt kring fem medlemmar på øving kvar måndag. Det har vore  
110 nokre utskiftingar mellom vår- og haustsemesteret. Styret i ungdomsgruppa har halde  
111 fram med øving kvar veke, sjølv om det er få deltakrar. Ein av grunnane er at  
112 prosjektet Bygda dansar starta opp i Hordaland i haust. Norsk senter for folkemusikk  
113 og folkedans er ansvarleg for det treårige prosjektet og føremålet er å få ungdommar  
114 interessert i folkedans. Då er det viktig at dei har ei gruppe å bli rekrytert til. Styret i  
115 ungdomsringen har også lagt vekt på å ha eit godt miljø på øvingane med mykje lærings-  
116 og humor. Ved utgangen av året gjekk eit fleirtal av dansarane på ungdomsskulen.  
117 Økonomien i særlaget er god, då me er i rett målgruppe for mange stønadsordningar.  
118 Me har difor valt å satse friskt og håpar me ser starten på ein ny opptur.

119 Ungdomsringen har nytta ulike instruktørar og spelmenn på øvingane. Gunn Inger Sture,  
120 Maria Skjeldrum Toppe, Inga Myhr, Marit Kvamen, Lars Fivelstad Smaaberg, Emma  
121 Alexandra Lirhus Miro, Torkjell Børsheim og Borghild Marie Opdahl har vore  
122 instruktørar. I tillegg har Ulf-Arne Johannessen og Magni Rosvold frå Bygda dansar hatt ei  
123 øving for å presentere seg for gruppa. Ida Marie Rognsvåg, Terje Furennes, Irene Bjørke,  
124 Johanna Mjeldheim og Eirunn Husby Nordstad har vore spelmenn. Ungdomsgruppa er  
125 takksam for alle som har instruert og spelt for oss gjennom året.

126 Førestillinga «Bjørnen, Reven og agurkskurken Potet» var ei felles framsyning for alle  
127 barn og unge som dansar og spelar i laget. Før framsyninga 7. april brukte me øvingane  
128 til å fordjupe oss i dansane som skulle brukast, til dømes halling, springar og reinlender.  
129 I tillegg var det ekstra fellesøvingar med innøving av rekkefølge, replikkar og koreografi.  
130 Det var kjekt å vere med i heile prosessen, frå idear om eventyret me dramatiserte til  
131 ferdig framsyning. Takk til Maria Skjeldrum Toppe og Inga Myhr for flott opplegg, god  
132 instruksjon og super stemning.

133 Noregs Ungdomslag sin sommarleir var i år lagt til Skogn Folkehøgskole i Trøndelag. Det  
134 var fem dansarar frå ungdomsringen som deltok. Ei av dei var potet, ein ung voksen som  
135 er medhjelpar på leiren. Det har vore gode tilbakemeldingar på sommarleiren. Kjekke  
136 kurs, artige fellesaktivitetar som heklestafett og utflukt til Stiklestad var nokre av  
137 høgdepunkta. Marit Kvamen var leirsjef og me er godt nøgde med innsatsen!

138 Ungdomsringen vil også takke Noregs ungdomslag og Hordaland ungdomslag for  
139 reisestønad.

140 Osafestivalen og prosjektet hardingfela.no skipa til ungdomssamlinga UngOsa helga 25.-  
141 27. oktober. Her var det ikkje berre kurs i dans for ungdom, men også hardingfele,  
142 toradar og kveding. Nemnda la opp til fellesreise og reisestønad, men berre ei frå  
143 ungdomsringen deltok på samlinga.

144 Året vart avslutta med ein tradisjonsrik julehyttetur til Eidsholmen. Magni Rosvold frå  
145 Bygda dansar Hordaland hadde kurs på laurdagen. Johanna Mjeldheim spelte til. I tillegg  
146 var det pepperkakebaking, graut med mandel og juleverkstad. Det var 13 deltakarar på  
147 hytteturen, og det var kjekt at me fekk med oss fem dansarar frå Nordbygda  
148 ungdomslag.

149 Ungdomsringen har drive dugnadsarbeid gjennom kafésal på dansekveldar og servering  
150 i konfirmasjon. Styret i ungdomsgruppa har hatt møte ved behov i 2019, i tillegg til  
151 kontakt på øving og per e-post.

152 **c) Born**

153 I løpet av 2019 har barnelaget hatt øving kvar veke, med unntak av dei vekene ein  
154 heilagdag eller feriedag har vore på ein måndag. Året starta, som alltid, med julenisse,  
155 juletregang og leikar på juletrefesten fyrste øving. I tillegg har me òg hatt karneval-øving  
156 og «ta med ein ven»-øvingar. Det har kome nye born i gruppa. Dei har vorte rekruttert  
157 av andre born, eller ved at slektingar har kjennskap til laget. Instruktørar på våren var  
158 Inga Myhr og Tora Persdotter Fjeld, med dei eldste frå juniorspelemannslaget som  
159 spelemenn. Desse har vore Ragnhild Mjør Gramstad, Tori Helgheim Grung (våren), Tor  
160 Helge Totland Haukås, Andrea Antun Mikkelsen og Eirunn Nordstad. Ida Marie  
161 Rognsvåg har spelt saman med desse for å gje dei opplæring i å spele til dans. Til  
162 hausten fekk me med oss to nye instruktørar, Daniel Aarvik og Mari Resset Møllerplass,  
163 som får instruktøroplæring av Tora og Inga. Me har delt barnelaget i to grupper; dei  
164 som er eldre og dei som er yngre enn andreklassealder. Ved behov for vikar for  
165 instruktørane har Borghild Marie Opdahl og Gunn Inger Sture stilt opp. Det har vore i  
166 overkant av 15 born mellom 5 og 10 år på kvar øving.

167 I 2019 har me fokusert på halling, og hadde difor besøk av Åsmund Øydvin i vår som  
168 lærte oss både laus, parhalling og nokre triks. I haust hadde me besøk av  
169 landskappleikvinnar Torkjell Børsheim som har lært oss nye laus-triks og å sparke  
170 hatten. I samband med dette såg me filmen «Med hjertet i dansen» på hytteturen om  
171 hausten der Vilde Westeng, som vann C-klassa på landskappleiken i år, er med.

172 Då instruksjon på familiesundagar på Verftet og på Barnas kulturhus ikkje har gitt oss  
173 nokon nye medlemmar, vedtok styret at me ikkje skulle sende instruktørar og  
174 spelemenn på dette i 2019.

175 Me deltok på sjokoladekappleiken på Hordakappleiken på Os, og det var stolte born som  
176 fekk sjokolade etter at framsyninga var ferdig. Til jul fekk me vist oss fram på  
177 julelagsmøtet til laget.

178 Styret i barnelaget har skipa til to familiefolkedansfestar saman med  
179 Juniorspelemannslaget. På familiefolkedansfesten i vår vart Dextra-prosjektet «Bjørnen,  
180 Reven og agurkskurken Potet» synt fram. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom alle  
181 borna i laget, og framsyninga måtte spelast to gongar slik at alle som ville fekk sjå ho.  
182 Familiefolkedansen 10. november starta med framsyning av Barnelaget og Bergen  
183 juniorspelemannslag før alle fekk lov til å vere med å danse. Det vart også kaffi, frukt,  
184 saft og kake. Dansen vart leia av Tora Fjeld og Daniel Aarvik. Om lag 100 born og vaksne  
185 var innom Gimle denne sundagen.

186 Måndag 3. juni hadde me avslutting med dans på Fløien, og borna dansa for foreldra og  
187 dei besøkande som var på toppen. Helga 14.-16. juni var det Fylkesstemne for born i  
188 Fjærland der 6 born og vaksne frå Barnelaget deltok. Borna var godt nøgde med å møta  
189 andre born som dansar. Barnelaget har skipa til to hytteturar til Eidsholmen i året som  
190 har vore. På hytteturten om våren var det 40 born og vaksne, og det vart arrangert både  
191 lykte-, song-, danse- og spelkurs. På hytteturten i haust hadde me både lykte-, song-, spel-  
192 og dansekurs, og totalt var det 30 born og vaksne på turen. 18. september deltok  
193 barnelaget saman med fleire andre særlag då me arrangerte ein ungdomslagskveld på  
194 Verdskafeen i Nygårdsparken.

195 Barnelaget har hatt to foreldremøte. Styret i barnelaget har hatt tre møte, og har jamleg  
196 kontakt under øvingar og på e-post.

### 197 3. Teater

198 Bergen ungdomslag Ervingen har ikkje hatt teateraktivitet i 2019.

### 199 4. Folkemusikk

#### 200 a) Gimlingane

201 Bergen ungdomslag Ervingen har ikkje hatt toradaraktivitet i 2019.

#### 202 b) Audhilds

203 2019 har vore eit aktivt år for Audhilds med kurs, kappleik og lønna oppdrag både i og  
204 utanfor folkemusikkmiljøet. Oppmøtet på øvingane har vore litt dårlig heile året, og det  
205 er òg varierande kor stor gjeng me blir når me har speleoppdrag. I løpet av året har me  
206 laga ei open facebookside for spelemannslaget med håp om å verta endå meir synlege.  
207 Der har me annonser hendingar me har vore med på, eller skal arranger. Irene Bjørke

208 hadde leiarjobben åleine fram til sommaren. Haustsemesteret har jobben vore delt  
209 mellom Irene og Johanne L. Mjøs.

210 -Me starta speleåret 9. januar

211 -19. januar deltok me på dans- og spelmaraton i Gimle

212 -1.-3. februar hadde me hyttetur på Eidsholmen der Sigmund Eikås lærde oss slåttar frå  
213 Sunnfjord.

214 -6. mars var Kristoffer Kleiveland med på øving og lærte vekk slåttar.

215 -23. mars tok me turen til Os og Hordakappleik. Her vart det førsteplass i lagspel og ei  
216 økt med dansespel saman med juniorlaget.

217 -I april hadde me 3 øvingar/kurs med Åse Teigland som innleidg instruktør. Desse  
218 øvingane var opne, som eit forsøk på rekruttering, men det var berre faste medlemmer  
219 som møtte.

220 -4. mai var det frivilligtorg i Bergen sentrum der Ervingen hadde stand, og det vart  
221 Audhildstonar til dansarane.

222 -11. mai fekk me æra av å spela gjestene inn til Kor e' tonen sin 40-årsjubileumskonsert.

223 -17. mai vart det folkemusikk i toget også i 2019.

224 -26.-30. juni gjekk landskappleiken av stabelen i Vågå, og me spelte som vanleg i  
225 lagspelklassen og til dans på kveldstid.

226 -7.-11. august nytta me høvet til å delta på Landsfestivalen då den vart arrangert lokalt i  
227 Kinsarvik. Me deltok i tevling og dansespel.

228 -Eit par representantar frå Audhilds var med på Ervingen sin stand på studenttorg i  
229 august.

230 -I august og september hadde me 5 lønna oppdrag for turistgrupper saman med  
231 onsdagsringen.

232 -18. september hadde Ervingen verdscafén i Nygårdsparken, og me tok onsdagsøvinga  
233 vår der.

234 -9. desember spelte me på jolelagsmøtet i Gimle, ein konsertslått og ein danseslått til  
235 onsdagsringen.

236 - 11. desember hadde me siste øving for året og avslutta med pizza og sosialt samvær.

### 237 c) Juniorspelemannslaget

238 Elna Føleide Selle er framleis musikalsk leiar.  
239 I tillegg har det vore inne fleire andre instruktørar. Bjørn Kåre Odde hadde spelkurs.

- 240 Maria Skjeldrum Toppe har hatt undervisning for trio/kvartett.
- 241 Det var 14 medlemar våren 2019. Dei hadde 11 øvingar.
- 242 Ida Marie Rognsvåg har vore med dei gongane aspirantane har vore med på øvingane.
- 243 Vi har også hatt fast danseøkt på spelemannslagsøvingane; ungdomsringen har stått for  
244 den undervisninga.
- 245 I haust har Johanne Mjøs hatt ei gruppe på 8 stk. frå laget på flatfeleøvingar. Dei hadde 7  
246 øvingar.
- 247 Vårsemesteret
- 248 19. januar var det øving til Dextra-framsyninga, og dans- og spelmaraton på kvelden.
- 249 8-10. februar var vi på ski-/hyttetur på Kvamskogen. Sosial helg for laget med litt  
250 undervisning i notar, takt og rytme.
- 251 11. mars - Dextra-øving
- 252 16.-17. mars var det spelkurs med Bjørn Kåre Odde for mellom- og vidarekomne elevar.  
253 8 stk fra laget deltok.
- 254 19. mars - Laget spelte på live-TV; «Norge nå» på NRK.
- 255 23. mars - Hordamønstring. Laget deltok i lagspel, nokre i gruppespel og c-klassen.  
256 Aspirantar og dei frå laget under 12 år deltok på sjokoladekappleik.
- 257 6. april - Generalprøve til dextra-framsyninga.
- 258 7. april - Dextraframsyning.
- 259 26. mai - Sommarkonsert med pizza i Gimle. Foreldre og søsken var også invitert.
- 260 17. og 24. juni - Øving for dei som deltok på landskappleik.
- 261 Haustsemesteret
- 262 Medlemstalalet var 19. 1 slutta, 6 nye. Jr.laget hadde 6 øvingar.
- 263 Starta haustsemesteret med oppstartskurs for nye og eksisterande medlemar.
- 264 Her hadde Maria Skjeldrum Toppe dei eldste og Elna dei yngste .
- 265 13. september spelte juniorlaget på Kulturnatt i Gimle.
- 266 18.-19. oktober var det vestlandskappleik i Nordfjord. Laget deltok ikkje. 3 stk. frå laget  
267 deltok i c-klassen og samspel.
- 268 28. oktober var det øving saman med aspirantane. Ida Marie var også med og hjelpte til  
269 på øvinga.
- 270 1.-3. november var det Haus-kurs, og der var det fleire frå laget som deltok.

271 10. november var det familiefolkedanskveld. Her var aspirantane med og spelte konsert  
272 saman med laget.  
273 9. desember spelte aspirantar og Jr.laget på julelagsmøte i Gimle.

274 **d) Dragegjengen**

275 Dragegjengen er eit rekrutteringsprosjekt som vart starta hausten 2015. I 2019 talde  
276 Dragegjengen 20 medlemar som går anten siste året i barnehagen eller i 1., 2., 3., 4. eller  
277 6. klasse på Krohnengen skule. I 2019 har alle hatt individuell undervisning anten hjå  
278 Bergen kulturskule eller gjennom BulE. Ida Marie Rognsvåg og Eirin Tjoflot har stått for  
279 samspelundervisinga som har vore på Krohnengen skule i SFO-tida. Dei unge  
280 spelemennene har både vore samla for fellesøvingar, og delt inn i mindre grupper etter  
281 nivå.

282 Om lag ein gong i halvåret vert det arrangert «Dragedisko», som er ein kveld med dans,  
283 felespel, pizza og kjekt samkome for alle deltarane. Styret i Dragegjengen har også  
284 førebudd CD-innspelinga som skal skje i 2020.

285 Familiefolkedanskvelden på våren vart litt annleis i 2019. I år vart det sett opp ei  
286 framsyning kalla «Bjørnen, Reven og agurkskurken Potet», der mellom anna  
287 Dragegjengen fekk spela saman med dei andre unge spelemennene i laget. Framsyninga  
288 vart ein stor suksess, og det vart sett opp to framsyningar slik at alle som ville, fekk sjå. I  
289 samband med familiefolkedansen 10. november deltok Dragegjengen, og andre  
290 aspirantar, på ei øving saman med juniorspelemannslaget, og bidrog til at scenen var full  
291 av felespelande born og unge sundag 10. november. Det er kjekt å sjå at det er så mange  
292 i Bergen som vel å spele hardingfele!

293 I meldingsåret har Dragegjengen hatt øvingar omtrent kvar tredje veke, og dei eldste og  
294 dei yngste «Dragane» har både hatt speleøvingar saman og kvar for seg. I tillegg starta  
295 me hausten 2019 med «øvingsbesøk»: borna vart delt inn i grupper der kvar og ein etter  
296 tur inviterte dei andre heim på øving. I haust har borna vore med på fleire  
297 komposisjonsverkstadar, og saman med komponisten Else Storesund har dei komponert  
298 verket *Dragar*. Borna har jobba med dette i haust, og skal jobba vidare med det i 2020  
299 slik at det vert klart til innspeling på CD.

300 Det har vore arrangert både ei sommaravslutting og ei juleavslutting med konsert, og  
301 framsyningar på kafeen Dr. Wiesener, som alle har hausta stor applaus frå foreldra. Som  
302 vanleg spela borna i Dragegjengen på skuleplassen 17. mai, til stor begeistring frå  
303 tilskodarane. I tillegg til eigne konserter, har borna også deltatt på sjokoladekappleiken  
304 under Hordakappleiken på Os og sjokoladefestivalen under Landsfestivalen i Kinsarvik.  
305 Nokre deltok også på juniorsamlinga på Haus i november. Dei eldste i Dragegjengen  
306 deltok som konsertinnslag på samrådingsmøtet i oktober. Alle dei store og nokre av dei  
307 små «Dragane» har byrja i juniorspelemannslaget og er med på deira arrangement i  
308 tillegg til Dragegjengen sine. Alle borna i Dragegjengen har delteke på aspirantøvingar  
309 saman med og i regi av Juniorspelemannslaget. Dragegjengen opptredde saman med

310 Juniorspelemannslaget på Julelagsmøtet 9. desember. Borna i Dragegjengen har også  
311 deltatt på hallingøvingane som barnelaget har arrangert, i tillegg til hytteturane for born,  
312 med stor suksess.

## 313 5. Song

### 314 a) Kor e' tonen

315 Koret har som vanleg hatt sine faste øvingar kvar måndag kl. 18:30-21:00. Grunna  
316 oppussing i Gimle starta vi semesteret med øvingar i Fensal og øvingshelg på Danckert  
317 Krohn kulturhus, før vi fekk kome tilbake til Gimle i november. Dirigent for koret har  
318 vore Thea Meidell Sjule.

319 Vi har og som før hatt to øvingshelger kvart semester, og desse har vore lagt til fredag  
320 kveld og laurdag formiddag.

### 321 Hendingar og arrangement

322 18. mars: Korkafe i Gimle

323 Vi arrangerte korkafe i Gimle med gjester Alla Breve (aka. Postens Damekor) og  
324 Studentkoret Blandede Akademikere.

325 11. mai: 40-årsjubileum i Grand selskapslokaler

326 Koret feira sitt 40-årsjubileum (sjølv om det viste seg å vere noko uklårt om det eigentlig  
327 var 40, 41 eller 42 år sidan koret vart starta) med konsert og festmiddag i Grand  
328 selskapslokaler. Det var om lag 125 betalande publikummarar.

329 21. oktober: Korpub på Biblioteket Bar

330 Vi arrangerte korpub på Biblioteket Bar med gjestene Alla Breve, Dragefjellets Damekor  
331 og eit nystarta mannskor.

332 1. desember: Korkafe i Gamle Bergen

333 Vi deltok på Alla Breve sin korkafe i Gamle Bergen.

334 6. desember: Oppdrag på julebord

335 Vi hadde eit betalt oppdrag på julebordet til KGJ Skipsrederi AS.

336 8. desember: Konsert i Korskirken

337 Årets julekonsert hadde tittelen «Frå tusen tårn» og vart halden i Korskirken. Det var om  
338 lag 130 betalande publikummarar.

339 9. desember: Julelagsmøte i Gimle

340 Koret avslutta som vanleg semesteret med å synge på julelagsmøtet i Gimle.

- 341 **Medlemsmasse**
- 342 Koret har eit stabilt høgt medlemstal, og har berre hatt kapasitet til å ta inn eit fåtal nye  
343 medlemar kvart semester.
- 344 Totalt i 2019 har det vore 60 medlemar i koret, inkludert medlemar i permisjon. Ved  
345 utgangen av haustsemestret talde vi 47 aktive songarar, fordelt på 14 sopranar, 16  
346 altar, 8 tenorar og 9 bassar.
- 347 **Sosiale aktivitetar**
- 348 Vi har fortsett tradisjonen med kake og kaffi på nokre av korøvingane i semestret, samt  
349 hatt eit par korfestar i løpet av året.
- 350 **Planar for 2020**
- 351 Planane for vårsemestret er konsert og korkafe i Gimle, samt utanlandstur til Riga.
- 352 **Konklusjon**
- 353 Koret har fungert svært bra i 2019 og satsar på å halde fram med same aktivitetsnivå i  
354 2020.
- 355 **b) Kvedargruppa**
- 356 Året 2019 har Kvedargruppa hatt øvingar kvar tysdag, i hovudsak i Snorrestova. Også  
357 dette året har øvingane vore leia av Eirin Tjoflot og Lars F. Smaaberg, som har bytt på å  
358 instruere. Fokuset for kvedargruppa har vore å bli tryggare på å syngje fleirstemt, slik at  
359 fleire av deltakarane kan meistre dette. Utanom dette har kvar øving hatt avgrensa  
360 tema/songar som har vore tildelt kvar øving. Fyrste semester var det i hovudsak  
361 oppbygging av eit dansereperstoar, samt bånsullar som var tema, medan det andre  
362 semester vart lengre viser og balladar. I tillegg har KGB sunge offentleg ved fleire høve,  
363 både til dans og for lydande publikum, både i og utanfor lagssamanhang. Det har vore  
364 mellom 6 og 9 medlemlarar på øvingane dette året.
- 365 **c) Småkvedarane**
- 366 Anja Savic Røed har vore instruktør for Småkvedarane. Gruppa har hatt øving  
367 annankvar tysdag i Gimle, og er delt i to etter alder. Småkvedarane har ikkje så mange  
368 medlemar, men lagsstyret meiner at det er eit viktig tilbod, og freistar å auka interessa  
369 for og medlemsmassen i gruppa.
- 370 **6. Melding frå Selsvikklubben**
- 371 Selsvikklubben hadde i 2019 11 samlingar privat. Vi er no 6 faste medlemmer frå 70 år  
372 og oppover.

373 "Årsinntekta" frå julemøtet vart som vanleg brukt til vinstar til laget sitt medlemslotteri,  
374 ca kr. 6.000,-. Lotterinemnda brukar pengane på gåvekort av ulik verdi.

375 Selsvikklubben har utstyrt det nye kjøkenet i Gimle med nye panner, bestikk, knaggar og  
376 anna utstyr som gjer det lettare å halda orden.

377 Vi stod som vanleg for åresalet på julemøtet 9.12., og skaffa vinstane. Alle matutgiftene  
378 vart dekka av oss, og vi hadde hovudsvar for risgraut-kokinga også i år, med hjelp frå  
379 særleg trufaste "rørarar". Deltakartalet aukar stadig – ca. 165 med store og små  
380 medlemmer med familie. Vi kokte graut til ca. 150 personar + ca. 5 liter laktosefri  
381 graut. Alle fekk, og det vart ein liten rest til dognadsfolka.

382 I og med at åresalet tener som inngangspengar, nytta vi laget sin Vipps-konto i tillegg til  
383 kontantar.

## 384 7. Lagsstyret

385 Lagsstyret har, etter årsmøtet i februar og omframt årsmøte i mars 2019, hatt flatt styre  
386 utan leiar. I tillegg har styret fått god hjelp frå varamedlemene.

387 Lagsstyret har hatt 12 styremøte og handsama 116 saker i løpet av året. Styret har òg  
388 hatt to samrådingsmøte saman med dei tillitsvalde. Samrådingsmøtet i vår hadde fokus  
389 på å bygge relasjonar mellom dei ulike styra i organisasjonen vår. I haust var fokus  
390 Bygda Dansar, som skal vere i Hordaland frå 2019 til 2022, og på Prosjekt Bergen950,  
391 eit samarbeidsprosjekt mellom alle dei vaksne aktivitetsgruppene i laget.

392 Lagsstyret har gjennomført Kven Veit?, 17. mai-kafé, verdscafè i Nygårdsparken,  
393 stordanskveld og julelagsmøte. Styret har fått god hjelp frå medlemar i dei ulike  
394 nemndene ved gjennomføring av dei ulike tilskipingane.

395 Kvar veke har informasjon frå laget til medlemene vorte send ut gjennom  
396 nyhendebrevet «Bodstikka». Informasjon om laget sine aktivitetar og hendingar har òg  
397 vorte publisert på nettsida [www.bergen.ungdomslag.no](http://www.bergen.ungdomslag.no).

398 Laget nyttar elles Facebook og Instagram (brukarnamn: «bergen\_ungdomslag\_ervingen»  
399 og #bulervingen) til å vise fram aktiviteten i laget, bleste komande hendingar og  
400 kommunisere med medlemmar. Nokre særlag har eigne sider på Facebook. Informasjon  
401 frå desse sidene vert delt på hovudsida til laget.

402 Blesting av laget vert òg gjort på Studentsenteret ved studiestart kvart semester.  
403 Plakatar og flygeblad vert nytta gjennom heile året.

## 404 8. Melding frå Rådet

405 Vi har hatt 2 fysiske møte i meldingsåret, begge gjaldt drøfting av saker til årsmøtet.

406 15.01.2019: Endring av føresegner for Reservefondet, styringsføresegner for laget, og  
407 auke av løn for instruktørar.

408 12.02.2019: Årsmelding og rekneskap frå lagsstyret, rekneskap og revisjonsmelding for  
409 Fonds- og eigedomsstyret, lagsbudsjett for 2019.

410 Rådet har tidlegare bede om å få tilsendt rekneskapsrapportar når dei kjem. Etter  
411 purring har vi fått rapport pr. 30.08. Avtalte rapportperiodar frå rekneskapsbyrået  
412 fungerer deretter dårleg.

## 413 9. Dugnad

414 Gjennom året 2019 har mykje bra dugnad skjedd både felles i laget og internt i særslaga.

415 Styret vil trekka fram Dextra-framsyninga, 17. mai-kaféen og verdskaféen i  
416 Nygårdsparken som tilskipingar der mange la ned ein stor dugnadsinnsats

417 Hyttenemnda har halde dugnadar både i vår og i haust, med vasking, måling og rydding i  
418 området rundt hytta. Sjå punkt 11b for meir informasjon om hyttedugnadar i 2019.

419 Året har gjeve ei betring av deltakinga i medlemslotteriet i samsvar med oppmodinga i  
420 fjarårets årsmelding.

## 421 10. Samarbeid med andre

422 Laget har eit godt samarbeid med ei rekke andre organisasjonar. I meldingsåret har  
423 laget til dømes samarbeidd med Bygdedanslaget i Bjørgvin om dansekurs, og  
424 Juniorspelemannslaget vert framleis drive i samarbeid med Kulturskulen i Bergen.  
425 Samarbeidsavtalen mellom laget og kulturskulen har blitt utvida, og Bergen kommune  
426 støttar tilbodet om einskildundervisning i hardingfele for dei som ikkje får plass i  
427 kulturskulen.

428 Laget har samarbeidd med skular i Bergensområdet om undervisning i folkedans, blant  
429 anna gjennom Den kulturelle skulesekken. Elevar frå 1.-10. klasse får gjennom desse  
430 danseverkstadane oppleve og lære lokale dansetradisjonar frå Hordaland.

431 Prosjektet «Dragegjengen» ved Krohnengen skule held fram, og omlag 20 born er med i  
432 prosjektet.

433 Andre viktige samarbeidspartnarar er moderorganisasjonane våre Noregs Ungdomslag  
434 og Noregs Mållag, Hordaland Ungdomslag, Hordaland Musikkråd, Norges Korforbund og  
435 FolkOrg. Me samarbeider òg med Bergen kommune. Laget er medlem av  
436 Amatørkulturrådet i Bergen, Bygdelagsnemndi og Vestlandske Teatersenter.

## 437 11. Eigedom

### 438 a) Lagshusa

439 Nær alle aktivitetar og øvingar i laget er i Gimle. Kvedargruppa nyttar Snorrestova til  
440 sine øvingar. Lagsstyret, rådet og fonds- og eigedomsstyret har også sine møte på  
441 kontoret, det har også nokre av særlama.

442 Størsteparten av Fensal er leigd ut til Bergen internasjonale kultursenter (BIKS) via  
443 Bergen kommune. Idrettslaget Gular, Bjørgvin husflidslag og Det felles innvandrarrådet i  
444 Hordaland held også til i huset. I Gimle held oppgraderinga fram. I løpet av 2019 vart  
445 strosalen og bakrommet ferdig.

### 446 b) Hytta

447 Hyttenemnda vil få takka medlemmane som har delteke på dagnad dette året.

448 Dugnadsarbeid:

449 Det er montert ny omn og ny peisinnsats. Dei gamle omnane er levert på returdepot for  
450 omnar (kommunen).

451 Den 19. mars var det dagnad på hytta. Det vart pussa og måla i peiestova og storstova,  
452 støvsuga, og karmar, glas, veggar og golv vart vaska. 6 personar møtte.

453 Kumlokket på septiktanken måtte me erstatta, på grunn av skade påført av leigetakar.

454 Varmepumpe vart montert tidleg i haust. Fliser er lagt på vaskerommet.

## 455 12. Fonds- og eigedomsstyret

456 Styret har hatt 8 møte i 2019. Dette året har styret hatt mest merksemd på å plassere  
457 dei økonomiske midlane styret disponerer, slik at ein kan få ei god avkastning med  
458 moderat risiko.

459 Det er utforma ein strategi for forvaltning av midlane. Risikospreiing er eit nøkkelord  
460 bak denne strategien. Mesteparten skal settast i fond, med same fordelingsnøkkelen som  
461 Noreg sitt pensjonsfond utland – 70% i aksjefond og 30 % i rentefond. 70% av midlane i  
462 aksjefond vert sett i berekraftige globale fond (ESG – Environmental, Social,  
463 Governance). Resten vert sett i norske aksjefond. Valde rentefond er også norske.

464 Strategien vart sett i verk sist haust. Styret valde å forvalte midlane sjølv gjennom  
465 nettmeklaren Nordnet. Investeringane i fond vert gjort i høvelege månadsporsjonar,  
466 også det for å spreie risiko.

467 Medlemmene i Fonds- og eigedomsstyret har dei siste 2 åra vorte valt inn i styret for  
468 Ervingen Lagsbruk, som er morselskapet for forretningsdrifta. Det har gjeve oss høve til

469 å fylgje opp forretningsdrifta gjennom styret i Ervingen Lagsbruk. Tidlegare brukte ein  
470 møta i Fonds- og egedomsstyret til dette.

471 Ervingen Eigedom hadde årsmøte 06.05.2019 og gjorde vedtak om utbyte til Ervingen  
472 Lagsbruk. Desse midlane vert investert i fond og aksjar etter tilsvarende prinsipp som  
473 gjeld for F&E.

474 Ervingen Eigedom er no om lag halvvegs i leigeavtalen for Ole Bull Hotell, og drift av  
475 hotellet held fram som før i regi av driftsselskapet.

476 Oppgraderinga av Gimle heldt fram i 2019 i regi av Ervingen Kulturhus. Arbeidet med  
477 storsalen og bakrommet i 3. etasje vart avslutta. Samstundes tok ein til med fornying av  
478 husværa i 5. etasje. Takkonstruksjonen vart forsterka, og søylene som stod på galleriet  
479 vart fjerna. Storsalen i 3. etasje var stengt i haust då himlingen vart bytta. Det er no  
480 brann- og lydisolert, men ser likeins ut. Dei store måleria av Lars Osa er reinsa og  
481 veggar er målte.

## 482 13. Medlemstal, økonomi og ressursar

483 **31.12.2018:**

484 Barn (under 14 år): 40  
485 Ungdom (14-26 år): 34  
486 Vaksne (over 26 år): 197  
487 Til saman: 271

488

489 **31.12.2019:**

490 Barn (under 14 år) 48  
491 Ungdom (14-26 år) 24  
492 Vaksne (over 26 år) 199  
493 Til saman: 271

## 494 14. Kontor og tilsette

495 I 2019 har Gro Vetås vore tilsett som dagleg leiar i 100% stilling. Rekneskapsbyrået  
496 Primo Services AS har ført rekneskapen for laget.

497 På kontoret i Fensal har Hordaland Mållag leigd ein kontorplass heile året. Den siste  
498 kontorplassen har vore leigd ut til Bergen Kulturforum i hausthalvåret. Bergen Mållag  
499 nyttar framleis Snorrestova som møtelokale og har lagerplass på kontoret. NKI Renhold  
500 har stått for reinhald av kontor- og møtelokalet i Fensal.

## 501 15. Heiderslagsfolk

502 Dagrinn Berntsen

503 Aslaug Kvilekval Breivik (gjekk bort 27. april 2019)

504 Norvald Erstad

505 Kårmund Myklebost

## 506 16. Gåver, helsingar og minne

507 Gåve til instruktørar og spelmenn, jubileumshefte/ blomehelsingar/ gåve til medlemar,  
508 heiderslagsmedlemar, tillitsvalde og tilsette ved passande høve. Ein heiderslagsmedlem  
509 gjekk bort i 2019, og laget sende minnekrans.

## 510 17. Oversikt over tillitsvalde

511

### Lagsstyret

---

Leiar

Medlem Ida Marie Rognsvåg

Medlem Lars F. Smaaberg

Medlem Marit Kvamen

Medlem Einar Heggland

Varamedlem Irene Bjørke

Varamedlem Gunn Inger Sture

Varamedlem Eirin Tjoflot

### Rådet

---

Leiar Elbjørg Gunnarson

Medlem Sverre Sundvor

Medlem Eli Randmo

Medlem Stig Indrebø

Medlem Ingunn Skjelvan

Varamedlem Hans Nyeggen

Varamedlem Annbjørg Fadnes Kyrkjebø

### Fond- og eigedomsstyret

---

Leiar Arnvid Underlid

Medlem Frode Myhra

Medlem	Oddrun Samdal
Medlem	Torgrim Ljones
Medlem	Vegard Opheim
<b>Folkedanslaget</b>	
Leiar	Marit Kvamen
Medlem	Stig Indrebø
Medlem	Helge Svartveit
Medlem	Lina Hamre
Medlem	
<b>Ungdomsgruppa</b>	
Leiar	Borghild Opdahl
Medlem	Emma Lirhus Miro
Medlem	
<b>Barnelaget</b>	
Leiar	Ida Marie Rognsvåg
Medlem	Yvonne Dahl
Medlem	Lise Bjørnen
<b>Kor e Tonen</b>	
Leiar	Knut Arne Vedaa
Medlem	Daniela Gjermundnes
Medlem	Malin Heggedal
Vara	Marthe Hatlen Grønsveen
Vara	Elise Sannes
<b>Juniorspelemannslaget</b>	
Leiar	Mikko Mikkonen
Medlem	Marianne Rønnestad
Medlem	Vivian Holmefjord (Kjersti Mjør – permisjon)



		fylt med god musikk og god stemning.	
1.-3. feb	Hyttetur og kurs	Om lag 10 deltagarar. Sigmund Eikås var instruktør. Eidsholmen.	Audhilds
8.-10. feb	Hyttetur Jr.laget	Kvamskogen	Jr.laget
8.-9. feb	Øvingshelg		Koret
15.-17. feb	Hyttetur - rekrutteringstur	Kurs i runddansteknikk med Inga Myhr	Rekrutteringsnemnda
20. feb	Årsmøte i BulE		Lagsstyret
05. mar	Framhald av årsmøtet		Lagsstyret
9.-10. mar	Hyttetur		Barnelaget
11. mar	Dextraprosjekt-øving		Barnelaget, Ungdomsringen, Jr.laget. feleaspirantar
13. mar	Samrådingsmøte		Lagsstyret
16.-17. mar	Spelkurs	Spelkurs med Bjørn Kåre Odde.	Jr.laget
18. mar	Korkafé	Gimle	Koret
19. mar	Framhald av årsmøte		Lagsstyret
19. mar	Hyttedugnad		Hyttenemnda
06. apr	Generalprøve dextraprosjektet «Bjørnen, Reven og agurkskurken Potet»		Barnelaget, Ungdomsringen, Jr.laget. feleaspirantar
07. apr	2 framsyningar, dextraprosjektet «Bjørnen, Reven og agurkskurken Potet»		Barnelaget, Ungdomsringen, Jr.laget. feleaspirantar
07. apr	Familiefolkedanskveld		Dextraprosjektet

26.-27. apr	Øvingshelg		Koret
11. mai	40-årsjubileum	Grand selskapslokaler. Audhilds spelte gjestane inn.	Koret
17. mai	17. mai-kafé og prosesjon		Lagsstyret
22. mai	Rebusløp og sommaravslutting		Lagsstyret og rebusnemnda
26. mai	Sommarkonsert	Konsert og pizza i Gimle. Foreldre og søsken var også invitert.	Jr.laget
19. aug	Instruktørseminar		Lagsstyret
31. aug-1. sep	Oppstartskurs		Jr.laget
20.-21. sep	Øvingshelg		Koret
21.-22. sep	Hyttetur		Barnelaget, feleaspirantar, Jr. laget
12. okt	Stordanskveld		Lagsstyret, folkedanslaget
15. okt	Samrådingsmøte		Lagsstyret, særlaga
10. nov	Familiefolkedanskveld		Barnelaget, Jr.laget, fele-aspirantar
15.-16. nov	Øvingshelg		Koret
6.-8. des	Hyttetur		Ungdomsringen
8. des	Julekonsert	«Frå tusen tårn», Korskirken. Det var om lag 130 publikummarar.	Koret
9. des	Julelagsmøte		Lagsstyret

## 514 19. Utsendingar, representasjon og samarbeid

515 Kven Veit?

516 I 2019 var Bergen ungdomslag Ervingen med i spørjetevlinga Kven Veit?, og fekk 2. plass.

Dato	Tilskiping	Omtale	Kven
19. jan	Seniorsamarbeid	Første samling i seniorsamarbeidsprosjektet. Infomøte om folkedans + dansekveld (Dans- og spelmaraton)	Rekrutteringsnemnda
21. feb	1. runde Kven Veit?		Gunn Inger Sture, Ida Marie Rognsvåg, Terje Furenes, Marit Kvamen og Borghild M. Opdahl.
14. mar	2. runde Kven Veit?		Gunn Inger Sture, Ida Marie Rognsvåg, Terje Furenes, Marit Kvamen og Borghild M. Opdahl.
17. mar	Årsmøte Hordaland Ungdomslag	Åsane	Irene Bjørke (sat i styret i HU)
19. mar	NRK-programmet «Norge Nå»		Jr.laget og ungdomsringen
23. mar	Hordakappleik	Os	Barnelaget, Jr.laget. feleaspirantar
23. mar	Årsmøte Hordaland folkemusikkklag	Os	Irene Bjørke (sat i styret i Hfl)
30.-31. mar	Kurs i springleik	Instruktørar var Øyvind Sandum og Renate Tønnesen. Johanne Mjøs og Kristoffer Kleiveland spelte.	Folkedanslaget og Bygdedanslaget

04. apr	3. runde Kven Veit?		Gunn Inger Sture, Ida Marie Rognsvåg, Terje Furenæs, Marit Kvamen og Borghild M. Opdahl.
26.-28. apr	Landsmøte Noregs Ungdomslag	Oslo	Marit Kvamen
04. mai	Frivillighetstorg		Særlag og lagsstyret
17. mai	Framsyning		Folkedanslaget
14.-16. jun	Fylkesstemna for born	Fjærland, 4 born og 2 vaksne reiste frå BulE	Barnelaget
26.-30. jun	Landskappleiken	Vågå	Jr.laget, Audhilds, medlemmar
2.-7. jul	Sommarleir	Skogn	Ungdomsringen
7.-11. aug	Landsfestivalen	Kinsarvik	Audhilds, onsdagsringen
13. aug	Studenttorg	UiB	Lagsstyret
13. sep	Kulturnatt	Musikk frå Bergen Juniorspelemannslag, Kvedargruppa, Audhilds og Litt tå kvart.	Folkedanslaget
18. sep	Verdskafe		Lagsstyret, særlaga
18. okt	Vestlandskappleik		Einskildmedl., gruppe frå Jr. laget
21. okt	Korarrangement på Biblioteket Bar	Korarrangement på Biblioteket Bar med gjestane Alla Breve, Dragefjellets Damekor og eit nystarta mannskor.	Koret
25.-27. okt	UngOsa	Voss	Ungdomsringen
1.-3. nov	Juniorsamling	Osterøy	Jr.laget, fele-aspirantar
01. des	Korkafe	Alla Breve sin korkafe i Gamle Bergen.	Koret

06. des	Konsert på julebord	Oppdrag på julebordet til KGJ Skipsrederi AS.	Koret
---------	---------------------	--	-------

518